

Det regionale brukarutvalet
i
Helseregion Vest

Årleg melding
for
2014

1. Samansetjing av utvalet

Det regionale brukarutvalet vart vedteke oppretta av styret for Helse Vest RHF 27. mai 2002.

Samansetjinga blei endra etter to år, i samband med styrevedtaket av 27. mai 2002.

I 2014 bestod utvalet av:

- Njål Idsø, Rogaland, FFO, leiar
- Else Berit Ingvaldsen, SAFO, nestleiar
- Solfrid Lillebø, Sogn og Fjordane, FFO
- Steinar Andersen, Rogaland, FFO
- Svein Nord Kristiansen, Hordaland FFO
- Claus Ingebrigtsen, Hordaland FFO
- Harald Lindvik, Sogn og Fjordane FFO
- Pål Berger, Rusmisbrukernes Interesseorganisasjon (RIO)
- Dagfinn Vik, Fylkeseldrerådet i Hordaland
- Grete Knudsen, Kreftforeningen (Brystkreftforeningen)

Vararepresentantar:

- Oddveig Birkeland, FFO Sogn og Fjordane
- Elin Kristin Bordal, FFO Hordaland
- Henrik Aasved, Kreftforeningen (Lungekreftforeningen)
- Jarle Vindedal, FFO Sogn og Fjordane
- Kari Toftøy Andersen, FFO Rogaland
- Elisabeth Bjørheim Salte, FFO Rogaland
- Kjell Inge Bringedal, SAFO
- Linn Victoria Skretting, RIO
- Kristoffer Skjolden, Fylkeseldrerådet i Sogn og Fjordane.

Synnøve Serigstad og Kristin Osland Lexow frå administrasjonen i Helse Vest RHF har vore sekretærar for brukarutvalet.

2. Oppgåver og aktivitet

Det er halde 9 møter i løpet av året, seks i Stavanger, to i Bergen og eitt i Førde. Møtet i Førde var eit fellesmøte med brukarutvalet i Helse Førde. RBU hadde og eitt fellesmøte med brukarutvalet i Helse Stavanger, der utvalet fekk omvisning på det nyåpna Vardesenteret på Stavanger Universitetssjukehus før fellesmøtet. RBU hadde og fellesmøte med styret i Helse Vest RHF i november 2014, der RBU-leiar presenterte brukarutvalet, kva dei har jobba med og er opptekne av. To av brukarrepresentantane hadde eigne innlegg om behandling til innbyggjarar i grensekommunar, ambulansetilbodet, pasientreiser, og presentasjon av recovery-begrepet som en del av behandlinga innanfor rusfeltet. I tillegg var det ei felles samling med representantar frå alle brukarutvala i helseføretaka i regionen i Bergen den 5.-6. juni.

I tillegg har leiar, nestleiar og sekretær delteke på to interregionale brukarutvalsmøter (eitt i Oslo, og eitt i Stavanger) der mellom anna møte med statssekretær Anne Grethe Erlandsen om ønske om standardisering av brukarutvalet si rolle i styret sto sentralt i Oslo-møtet. Av andre saker som har vore behandla i desse møta kan nemnast brukarutvalas rolle i prioriteringsdebatten/nasjonalt system for metodevurdering, brukarmedverknad i interregionale selskap eigd av regionale helseføretak, felles innspel til oppdragsdokument 2015, felles høyringsuttale om fritt behandlingsval og om etablering og styrking av brukarkontor og likemannsarbeid i sjukehusa.

Utvalet har mellom anna hatt fokus på følgjande saksområde:

- Pasientreiser
- Rehabiliterings- og habiliteringstilbodet i Helse Vest
- Retningslinjer for brukarmedverknad i Helse Vest
- Pasienttryggleik og feilbehandling
- Korridorpasientar, ventetider og fristbrot
- Behandling og ambulansetilbod til innbyggjarar i grensekommunar

Det regionale brukarutvalet er i tillegg blitt informert om og har behandla:

- Oppdragsdokumentet frå HOD for 2014
- Årleg melding til HOD for 2013
- Budsjett for 2014
- Informasjon om statsbudsjettet og forslag til inntektsfordeling og resultatkrav for budsjett 2015
- Internrevisjon i Helse Vest, med invitasjon til å komme med innspel til ny plan for internrevisjon for 2015-2016
- Prosjektet «Alle møter»
- Program for pasienttryggleik i Helse Vest 2013-2017
- Regional plan for kirurgi
- Fritt behandlingsval
- Brukarmedverknad i helseforskning i Noreg
- Orientering om revidering av regional beredskapsplan for Helse Vest 2015-2017
- Innspel til oppdragsdokument 2015

Sentralt for brukarutvalet i 2014 har vore retningslinjer for brukarmedverknad og spørsmålet om møte- og talerett i styret i Helse Vest.

Utvalet er glad for at fristbrotala for dei fleste helseføretaka i regionen er i ferd med å krype mot null, men er bekymra for at ventetidene spesielt innanfor somatikk ikkje har bevega seg særleg mykje nedover i 2014.

Den 4.-5. juni vart det halde fellesmøte med representantar frå dei lokale brukarutvala og det regionale brukarutvalet i Bergen. I møtet blei det gitt orientering om følgjande: "Alle Møter", KULE-prosjektet (Kurve og legemiddelhandsøring), introduksjon av Recovery-

begrepet som metode i rusbehandling, publikumsapotek på sjukehusa og krav frå ESA og program for pasienttryggleik. Det var innlegg frå alle brukarutvala og frå Pasient- og brukaromboda i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane.

Brukarutvalet har delteke på følgjande konferansar:

- Helse Vest sin forskingskonferanse 2014
- Helsekonferansen 2014
- Regional nettverkssamling innan rehabilitering av personer med lungesykdom
- Rehabiliteringskonferansen
- Traumesamling i Helse Vest
- Kvalitetskonferansen i Helse Vest
- Pasientsikkerhetskongressen
- Fagkonferanse i Stavanger om læring og mestring

Brukarane har i 2014 vore med i følgjande prosjekt og arbeidsgrupper i regi av Helse Vest:

- Referansegruppa for regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering i Helse Vest
- Styringsgruppa for KULE-prosjektet
- Arbeidsgruppa for KULE prosjektet
- LIS spesialistgruppe for TNF-hemmere
- Regional arbeidsgruppe for kjøp av spesialiserte rehabiliteringstjenester
- Forskningsnettverk om psykisk helse
- Programgruppe Program for pasienttryggleik i Helse Vest
- Styringsgruppa Program for pasienttryggleik
- Styringsgruppa "Alle møter"
- Referansegruppe til regionalt kompetansesenter for eldremedisin og samhandling (SESAM)
- Observatør i Styret til Pasientreiser ANS
- Nettverk for rehabilitering av KOLS
- Traumenettverk i Helse Vest
- Styringsgruppe for anskaffelse av sporingssystem biobank.
- Styringsgruppe for nye nettsider i Helse Vest
- Prosjektgruppe Revidering av regional plan for habilitering og rehabilitering
- Regional arbeidsgruppe for kjøp av spesialiserte TSB tjenester
- Prosjektgruppe for "Regional plan for tverrfaglig spesialisert rusbehandling 2013-2017"
- KORFOR
- Regionalt nettverk for pasienterfaringsmålinger
- Styringsgruppa for protonbehandling
- Regionalt prosjekt om fødetryggleik for kvinner
- Korridorpatientprosjektet
- Styringsgruppe Revidering av regional plan for habilitering og rehabilitering
- Helsedirektoratets referansegruppe for "Veileder for organisering og drift av tverrfaglige smerteklinikker"
- Regionalt nettverk for LMS

- Langtidsmekanisk ventilasjonsbehandling
- Referansegruppe for LMS i Helse Vest
- Relevanskomitè for prioritering av forskningsprosjekter – HELSEFORSK
- Strategisk satsing i Helse Vest på helsetjenesteforskning/pasientrapporterte data
- Regionalt kompetansenettverk for CFS/ME
- Nasjonalt forskningsprosjekt om kommunikasjon i helsevesenet
- Internrevisjon om bruk av tvang i psykisk helsevern
- Styringsgruppe for virtuell AMK

Medlemmene har i tillegg delteke på fleire kurs og konferansar og halde foredrag om brukarmedverknad og om Helse Vest i forskjellige organisasjonar.

3.Arbeidstilhøve

Det regionale brukarutvalet har teke opp dei sakene som er blitt førelagt utvalet og har i tillegg engasjert seg i saker og sakskompleks som er utdjupa av administrasjonen, (sjå lista under punkt 2).

Medlem av utvalet har delteke i dei prosjekta som utvalet har funne det naturleg å være representerte i, og er såleis godt nøgd med deltakinga i prosjektarbeid. For å kunne utnytte brukarkompetansen best mogleg er det eit ønskje frå RBU at brukarane i størst mogleg grad er representert med minst to representantar i prosjekt-, plan- og utviklingsarbeid, med utgangspunkt i statsrådens fråsegn om at brukaranes erfaringskompetanse er sidestilt med fagkompetanse.

Møtet med representantar frå dei lokale brukarutvala vert også i år opplevd positivt.

Det regionale brukarutvalet er nøgd med samarbeidet med styret i Helse Vest og opplever frå administrasjonen si side ei positiv innstilling til å møte i utvalet. Likevel meiner brukarutvalet at møte og talerett i styret vil kunne vere ein viktig faktor for eit endå betre og meir aktivt samarbeid både med styret og administrasjonen. I mål og strategi for brukarmedverknad i Helse Vest, vedtatt av styret på styremøte i desember 2012, står det at brukarutvalet skal være eit rådgjevande organ for styret og administrasjonen (jfr. også § 14 i vedtektene til Helse Vest). For å kunna utføra denne oppgåva meiner utvalet at det er nødvendig at representanten som møter som observatør i styret har talerett i styret. Brukarutvalet viser i denne samanheng til helseministeren sin sjukehustale frå 07.01.14 der han streka under at pasientar må takast med i utviklinga av helsetenesta, og han spør korleis den hadde blitt om pasienten fekk bestemma. Helseministeren meiner at tenesta då ikkje ville vore som i dag. Pasientar er ofte dei mest radikale endringsagentane. Pasientar og pårørande skal vera like viktige som fagfolk og politikarar i arbeidet framover.

4. Utfordringar

Det regionale Brukarutvalet registrerer utfordringar med forbetningspotensiale på fleire område, mellom anna innanfor tilbodet i rehabiliteringstenesta og habiliteringstenesta, korridorpasientar, fristbrot og ventetider.

Når det gjeld korridorpasientar og fristbrot så må helseføretaka klare å få bukt med desse utfordringane snarast.

Når det gjeld ventetider så er brukarutvalet glad for behandlingssgaranti og pakkeforløp som er innført vedrørende kreftbehandling. Men utvalet ser med bekymring på at ventetidene spesielt innan somatikkområdet ikkje går spesielt ned i 2014. Det medfører at pasientar går lenger sykemeldte enn nødvendig med både den fysiske og psykiske belastninga som det medfører. For pasientar med kroniske sjukdommar kan lange ventetider på behandling og rehabilitering/habilitering føre til forverringar i situasjonen, noko som til slutt fører dei ut av arbeidslivet. Dette er verken god samfunnsøkonomi eller god livskvalitet for den enkelte pasient. Helseføretaka må legge ned ytterlegare innsats for å redusere ventetider for utredning, behandling og rehabilitering/habilitering.

Det regionale brukarutvalet opplever at forholda for påverknad og deltaking i utforminga av spesialisthelsetenesta ligg godt til rette. Me opplever at Helse Vest, helseføretaka og brukarane stort sett er sameinte om mål og satsingar og at spesialisthelsetenesta i stor grad tek sentrale utfordringar på alvor.

På vegne av det regionale brukarutvalet

Njål Idsø
Leiar i 2014